

Konstituerande møte- Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Tid: Tysdag 13.mars 2012 kl 08.30

Stad: Kviknes Hotell, Balestrand

Desse møtte:

Håkon Myrvang, Iris Loftheim, Tone Hjelle Cirotzki (vara), Ragnhild Sæle (vara sak 3-8), Ola Tarjei Kroken, Oddmund Klakegg (til stades på sak 3-8).

Meldt forfall: Jorunn Eide Kirketeig, Olav Klungre (vara), Olve Grotle (vara), Gunnvor Sunde (vara)

Referent: Alf Erik Røyrvik (verneområdeforvaltar)

Referat

3/12 **Konstituering av Styret**

- Val av styreleiar
- Val av nestleiar

Forslag på styreleiar for verneområdestyret:

- Håkon Myrvang

Samrøystes vedteke

Forslag på nestleiar:

- Ola Tarjei Kroken

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Håkon Myrvang er valt til styreleiar i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde for perioden 2012-2015.

Ola Tarjei Kroken er valt til nestleiar i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde for perioden 2012-2015.

4/12

Val av arbeidsutval

Styret kan velje eit arbeidsutval dersom dei ynskjer det. Sjå styrevedtektene punkt 5.

Eit arbeidsutval kan gjere vedtak i enkeltsaker som ikkje har stor påverknad på verneverdiane. I praksis vil det gjelde motorferdselsaker.

Forslag:

Forslag på at det vert oppretta arbeidsutval med:

- Håkon Myrvang (leiar), Ola Tarjei Kroken, Oddmund Klakegg

Samrørstes vedteke

Vedtak:

Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde opprettar eit arbeidsutval med følgjande medlemmar:

- *Håkon Myrvang (leiar)*
- *Ola Tarjei Kroken*
- *Oddmund Klakegg*

5/12

Kompetanseprogram dag 2

Styret held fram med kompetanseprogrammet

Naustdal - Gjengedal landskapsvernområde - søknad om scooterløyve - Naustdal og Førde saueeigarlag

Dokument i saka:

- Søknad om scooterløyve frå Naustdal og Førde saueeigarlag v/Øyvinn Mortensbakke

Søknaden

Naustdal og Førde saueeigarlag søker, i søknad datert 27.02.2012, om løyve til å bruke snøscooter i samband med vedlikehald med ei bru. I tillegg søker dei om løyve til å nytte snøscooter til å transportere ved til ei hytte som dei har i området.

Brua ved Trongefossen har fått ein del skade siste vintrane og har behov for vedlikehald og nye materialar. Saueeigarlaget meiner at dei får frakta inn det dei trenger med 4 turar fram og tilbake frå parkeringsplassen til elva under Trongefossen.

Det kan og vere naudsynt med ein tur på omsøkt rute dagen i førevegen for å køyre spor.

Sankelaget treng og ved til hytta si litt lenger aust. Her brukar dei å finne rotvelter og skada skog, køyre det til rettes ved hytta og kappe og kløyve der. Dei trur at om dei får køyre 5-6 korte turar i nærområdet der, so vil dei få nok ved for nokre år framover.

Verneforskrift og regelverk

I utgangspunktet er motorferdsel forbode inne i verneområdet, jf. verneforskrifta § 3, punkt 5.1. Men i følgje § 3, punkt 5.3 so kan forvaltingsstyresmakta gje dispensasjon frå dette forbodet i visse tilfelle, mellom anna transport av materialar til vedlikehald av gangbruer mm. og i samband med vedhogst:

5.3. *Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:*

[...]

c) *vedhogst og anna hogst i samhøve med punkt 2.4 inkludert å bruke traktor utanom sjølve traktorvegane på vinterføre*

[...]

f) *transport av materialar til vedlikehald og byggjearbeid på stølshus, hytter, gangbruer og liknande.*

Forvaltingsstyresmakta har derfor heimel til å gje ein slik dispensasjon som Naustdal og Førde saueeigarlag søker om her.

All motorferdsel i utmark må vere i tråd med lov om motorferdsel i utmark. Det er kommunen som handsamer denne lova. Ein må òg ha løyve frå grunneigar der kor ein køyrer, og alle grunneigarar har høve til å nekte ferdsel på sin grunn.

Forvaltingsstyresmakta si vurdering

Verneforskrifta er klar på at vernestyresmakta har heimel til å gje ein slik dispensasjon som det er snakk om.

Saueeigarlaget leiger beite frå denne brua og innover mot grensa til Jølster kommune. Dei er avhengige av denne brua og dei andre bruene for å få beitedyra til og frå det området dei leiger. Desse bruene ligger og i samband med den vanlegaste stien innover mot Longevasshytta, og turfolk nyttar derfor desse bruene og. Vernestyresmaktene ser på det som særst positivt at desse bruene vert haldne ved like. Vernestyresmakta har forståing for at det på krevjande føretilhøve kan vere naudsynt med ein tur på omsøkt rute dagen før, for å køyre spor som kan sette seg over natta.

Vernestyresmakta ser og positivt på tiltaket med å halde hytta til sankelaget med ved gjennom å nytte plukkhogst i nærområdet på tradisjonelt vis.

Ein kan risikere at det er villrein i eller i nærleiken av dette området på seinvinteren. Dette er ei tid då villreinen er sårbar for uro, og ein bør unngå å uroe villreinen med motorferdsel eller anna aktivitet.

Vurdering av tiltaket i høve til naturmangfaldlova

Alle vedtak skal, jf naturmangfaldlova § 7, vurdere alle vedtak opp mot naturmangfaldlova §§ 8-12.

§ 8 om kunnskapsgrunnlaget

Ein kan risikere at villreinen oppheld seg i dette området. Dersom villreinen oppheld seg her, bør ikkje den uroast. Ein skal og vere varsam og unngå å uroe rovfugl i og rundt hekketida, men det er særst lite truleg at rovfugl hekkar nede i dalføret der køyring og hogst vil føregå. Ut over det kjenner ikkje forvaltingsstyresmakta til særskilte natur- eller miljøverdiar som ein treng å take særleg omsyn til, utover den generelle regelen om at all ferdsel skal skje med varsemnd (verneforskrifta §3 punkt 4.1).

§ 9 om føre-var-prinsippet

Tiltakshavar forpliktar seg til å undersøkje om det er villrein i området, eller om det er mistanke om at rovfugl hekkar i det området tiltakshavar vil køyre. Er det grunn til å tru at det oppheld seg villrein i området, skal det ikkje vere motorisert ferdsel der som kan uroe den.

§ 10 om økosystemtilnærming og samla belastning

Motorisert ferdsel er på eit lågt nivå i verneområdet generelt. Belastinga som avgrensa ferdsel med beltekøyretøy på snødekt mark representerer, vert dessutan vurdert som liten.

§11 om kostnadar ved miljøforringelse

Ikkje aktuelt i dette tilfellet.

§ 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Bruk av snøskuter til transport vil i dette tilfelle vere det mest skånsame og effektive metoden av omsyn til naturmiljøet. Tiltakshavar må legge opp ruta slik at den ikkje uroar sårbart dyreliv.

Framlegg til vedtak

Med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 5.3.c) og f), gjev Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde Naustdal og Førde Saueeigarlag løyve til følgjande:

- Inntil 4 turar med snøscooter mellom parkeringsplassen og elva under Trongefossen for å transportere materialar inn til brua som må reparerast.
- Dersom det er behov for det, ein tur på denne ruta kvelden før for å køyre opp spor.
- Inntil 6 korte turar mellom hytta til saueeigarlaget og nærliggande skog, for å transportere vedvirke til hytta.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Omfanget av motorferdselen skal avgrensast til det som er naudsynt. Kortaste rute som er praktisk mogeleg skal nyttast.
- Køyringa skal gjennomførast innan 31. mars 2012
- Det skal ikkje køyrast på sundagar.
- Statens Naturoppsyn v/Rune Holen (tlf 975 95 102) skal varslast seinast dagen før transporten finn stad. SNO kan stanse transporten dersom det er mistanke om villrein i området.
- Etter at transporten er gjennomført skal det leverast rapport til verneområdeforvaltaren.

Vedtak

Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde gjev Naustdal og Førde saueeigarlag løyve til bruk av snøscooter i tråd med framlegget, med følgjande tillegsvilkår:

- *Tiltakshavar må sørge for å ha løyve til køyringa etter lova om motorferdsel i utmark og på vassdrag. Tiltakshavar må og sørge for å ha dei naudsynte grunneigarløyva til køyringa.*

Klage

Denne avgjerda kan klagast på av partar eller andre som har rettsleg klageinteresse. Klagefristen er på 3 veker jf. forvaltningslova. Eventuell klage skal sendast til forvaltingsstyresmakta. Det er Miljøverndepartementet som er klageinstans.

Søknad om bruk av snøskuter til transport av saltsteinar – Mardal og Fitje sankelag.

Dokument i saka:

- Søknad frå Mardal og Fitje sankelag v/Kristian Mardal.

Søknaden.

Eg viser til søknad frå Mardal og Fitje sankelag, datert 22.02.12, om å få bruke snøskuter til transport av saltsteinar inne i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. I søknaden vert det opplyst om at det er om lag 250 kg med saltsteinar som skal transporterast.

Ruta for køyringa det vert søkt om: Enden av Jardalsvegen – Jardalen – Svartekari – Tverrfjellet – retur. Den aktuelle tida for å gjennomføre transporten er månadane mars og april.

Dette er eit årleg behov som sankelaget har i dette området, og det har vore gjeve løyve til dette dei føregåande åra. Av den grunn søker sankelaget derfor om eit fleirårig løyve til bruk av snøskuter til å transportere saltsteinar.

Verneforskrift og regelverk

I utgangspunktet er motorferdsel forbode inne i verneområdet, jf verneforskrifta § 3, punkt 5.1. Men i følgje § 3, punkt 5.3 so kan forvaltingsstyresmakta gje dispensasjon frå dette forbodet i visse tilfelle, mellom anna transport av saltstein:

5.3. *Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:*

[...]

b) *transport av saltstein og liknande for husdyr på beite*

Forvaltingsstyresmakta har derfor heimel til å gje ein slik dispensasjon som Mardal og Fitje sankelag søker om her.

All motorferdsel i utmark må vere i tråd med lov om motorferdsel i utmark. Det er kommunen som handsamer denne lova. Ein må òg ha løyve frå grunneigar der kor ein køyrer, og alle grunneigarar har høve til å nekte ferdsel på sin grunn.

Forvaltningsstyresmakta si vurdering

Verneforskrifta er klar på at dette er eit tiltak som forvaltningsstyresmakta kan gje dispensasjon til. Tiltaket er viktig for beitenæringa i området, og hald av beitedyr er ein viktig del av tradisjonell bruk av verneområdet.

Sankelaget søkjer om ei litt vid tidsramme for gjennomføring av denne transporten. Dette fordi det er krevjande føreforhold i området og ei krevjande rute. Turen må derfor gjennomførast når tilhøva ligg til rette for det. Sankelaget har søkt om å få køyre i mars-april, men opplyser over telefon at mot slutten av april er elvane ofte opne og at det då vert vanskeleg å køyre denne ruta.

Ein kan risikere at villreinen oppheld seg i det omsøkte området på seinvinter og vår. Det er ei tid då villreinen er sårbar då det nærmar seg kalvingstid. Ein må derfor unngå å forstyrre villreinen med motorferdsel. På seinvinteren nærmar det seg òg hekking for rovfugl i området, og desse er og sårbare for uro. Ein bør unngå motorferdsel i og ved kjende områder der rovfugl hekkar eller der ein har mistanke om hekking.

Dette er eit behov som dukkar opp kvart år, og det vil derfor vere aktuelt å gje eit fleirårig løyve.

Vurdering av tiltaket i høve til naturmangfaldlova

Alle vedtak skal, jf naturmangfaldlova § 7, vurdere alle vedtak opp mot naturmangfaldlova §§ 8-12.

§ 8 om kunnskapsgrunnlaget

Ein kan risikere at villreinen oppheld seg i dette området. Dersom villreinen oppheld seg her, bør ikkje den uroast. Ein skal og vere varsam og unngå å uroe rovfugl i og rundt hekketida. Ut over det kjenner ikkje forvaltningsstyresmakta til særskilte natur- eller miljøverdiar som ein treng å take særleg omsyn til, utover den generelle regelen om at all ferdsel skal skje med varsemnd (verneforskrifta §3 punkt 4.1).

§ 9 om føre-var-prinsippet

Tiltakshavar forpliktar seg til å undersøkje om det er villrein i området, eller om det er mistanke om at rovfugl hekkar i det området tiltakshavar vil køyre. Er det grunn til å tru at det oppheld seg villrein i området, skal det ikkje vere motorisert ferdsel der som kan uroe den. Er det mistanke om hekkande rovfugl, må ruta leggest slik at den ikkje kjem i konflikt med dette.

§ 10 om økosystemtilnærming og samla belastning

Motorisert ferdsel er på eit lågt nivå i verneområdet generelt og i dette området spesielt, og det er snakk om berre ein tur per år. Den samla belastinga er derfor vurdert til å vere låg.

§11 om kostnadar ved miljøforringelse

Ikkje aktuelt i dette tilfellet.

§ 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Bruk av snøskuter til transport vil i dette tilfelle vere det mest skånsame og effektive metoden av omsyn til naturmiljøet. Tiltakshavar må legge opp ruta slik at den ikkje uroar sårbart dyreliv.

Framlegg til vedtak

Med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 5.3.b), gjev Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde Mardal og Fitje sankelag løyve til nytte snøskuter til transport av saltsteinar ut i beiteområda sine. Løyvet gjelder for ein tur per år, og gjelder for ruta Jardalsvegen – Jardalen – Svartekari – Tverrfjellet – retur.

Løyvet gjeld for fire år, altso perioden 2012 – 2015. Men forvaltingsstyresmakta skal evaluere løyvet etter to år, og kan komme med endringar i løyvet eller vilkår om dei ser det som naudsynt.

Vilkår for løyvet:

- Statens Naturoppsyn v/Rune Holen skal varslast seinast dagen før køyringa vert gjennomført. SNO kan stanse gjennomføring av køyringa dersom det er villrein i området, og komme med pålegg om ruteval.
- Køyringa skal gjennomførast i perioden 1. mars til 20. april
- Det skal ikkje køyrast på sundagar eller heilagdaggar
- Dette løyvet skal takast med under køyringa
- Det skal kvart år sendast rapport av køyringa til verneområdeforvaltaren
- Omfanget av motorferdsla skal avgrensast til det som er naudsynt. Kortaste rute og mest skånsame rute som er praktisk mogeleg skal veljast.

Vedtak

Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde gjev Mardal og Fitje sankelag løyve til bruk av snøscooter i tråd med framlegget, med følgjande tilleggsvilkår:

- *Tiltakshavar må sørge for å ha løyve til køyringa etter lova om motorferdsel i utmark og på vassdrag. Tiltakshavar må og sørge for å ha dei naudsynte grunneigarløyva til køyringa.*

Klage

Denne avgjerda kan klagast på av partar eller andre som har rettsleg klageinteresse. Klagefristen er på 3 veker jf. forvaltningslova. Eventuell klage skal sendast til forvaltingsstyresmakta. Det er Miljøverndepartementet som er klageinstans.

8/12 **Nettsider for landskapsvernområdet**

Direktoratet for naturforvaltning har laga til nettsider for alle styra som er oppretta gjennom lokal forvaltning. Nettsidene er klare og det er tanken at forvaltarane skal drifte nettsidene og halde dei oppdaterte.

Dette vil ta litt tid, og det er kvart enkelt styre som disponerer arbeidstida til forvaltarane. Verneområdeforvaltaren vil derfor med dette be styret om godkjenning til å bruke den tida som trengs til å drifte nettsida.

Vedtak

Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde vedtek at nettsida skal satsast på og brukast aktivt av styre og forvaltar.

9/12 **Orienteringssaker**

- Nasjonalparkkonferanse på Otta 31.8
- Status på rådgjevande utval
- Bestillingsdialog
- Synfaring i samband med saker i Langedalen, Gloppen
 - Hyttefelt
 - Utviding av hytte, Kjell Arnestad
 - Bygge nytt stølshus, Edvin Hugvik (ikkje sendt søknad enno)
 - Søknad om å gjere tiltak på sti i Langedalen

Verneområdeforvaltaren orienterte om dei ulike orienteringssakene.

10/12 **Frie midlar til styret (drøftingssak)**

Alle styra får i 2012 nokre frie midlar direkte over statsbudsjettet, 8 mill.kr. for alle styra i landet. Desse er fordelt ut til styra, som eit fastbeløp og eit arealbeløp. For Naustdal-Gjengedal sin del vert det ca 93.000 kr for 2012.

I følgje DN skal bruken av midlane knytast opp mot forvaltingsplanen dei måla som er sette der. Forvaltingsplanen til Naustdal-Gjengedal er ikkje vedteken enno, men utkastet kan brukast som retningslinjer.

Styret kjem tilbake til bruk av dei fri midlane på neste møte.

11/12 **Møteplan for 2012**

Det bør setjast opp ein møteplan for året 2012. I budsjettet for 2012 er det lagt opp til seks fysiske styremøter i løpet av året.

Forvaltar set opp eit framlegg til møteplan, etter å ha kontrollert opp mot møteplanane til kommunane og fylkeskommunen.

12/12

Ymse

- Godtgjerdsla og reiserekningar

Forvaltaren informerte raskt om ordning og praksis kring godgjeriing av møtetid og reise, og skal sende ut meir detaljer informasjon på e-post.